

Verdig og fin konsert med Rice

24.07.2011



Folkeleg og populær trio i kjedlaren i går kveld

**Andrea har vakse opp med terror heime i Nord-Irland, påpeika  
Magne Huglen då han innleia til konsrt med Andrea Rice i Dønhaugkjedlaren i går kveld,  
Dermed kom han inn på grunnen til at konserten gjekk som planlagd trass i  
det åvorlege bakteppet av dramatikk,  
Han viste også til den politiske målsettinga om at samfunnet  
vårt skal fungera vidare som normalt.**

Og den folkekjære nordirske artisten kvitterte med ein første avdeling som var fint og verdig avstemt til dei aktuelle hendingane. Og ho opna med å gje eit dramatisk glimt av kva som skjedde så seint som i 1994 i hennar miljø med omsyn til blind terror.


Dette var Andrea sitt besøk nummer 12 på Dønhaug. Det er tydeleg at ho og dei 2 faste drabantane hennar som og er frå Nord-Irland trivs der og at publikum trivs med henne. Ektemannen Fee Dubbin spelar som ho 2 instrument medan Mark Haddock beherskar 4. Og banjoen beherskar han med slik ekvilibrisme at ein knapt har hørt maken.

Men totalt sett er det Andreas eigen song som sit mest att etter konserten. Særleg mot slutten demonstrerte ho si mektige røyst. I tillegg til dei musikalske og songlege kvalitetar har Andrea og drabantane ein spesiell evne til å småprata muntret med publikum og dei fornekta seg ikkje denne gongen heller. Småpraten omfatta også vertskapet som trioen har eit godt tilhøve til, så godt at dei skal gjera musikalsk strandhogg på Huglo.

Trioen imponerar med å presentera svært mykje av den kjende irske songskatten, og den er stor. Men dei stoppa ikkje der. Repertoaret var også denne gong så allsidig at publikum fekk svinga seg litt.

Kjedlaren som rommar 65 var fullteikna men på grunn av dramatikken i landet var det atskilige som fall ifrå. Men 55 var eit passande tal og alle stortrivdes. Konserten var eit velkomment brot med dramatikken.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det vart ein svingom også for vertskapet